



Kvinnherad kommune

Fellestenester
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandlar
Terje Natland

Tlf. direkte innval
53483169

Vår ref.
2013/2422-3

Dykkar ref.
«REFDATO»

Dato
12.05.2014

Særutskrift - Konesjon - 82/15 - Rosendal - Edle Tveito

Kvinnherad forvaltningskomité hadde saka føre i møte 7.5.2014 som sak 2014/68.

Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

Dersom du vurderer å klaga på vedtaket, viser vi til reglane i forvaltningslova samt eventuelt bestemmelsar i særlov om klage.

Klagefristen er 3 veker frå du har motteke denne meldinga om vedtaket.

Med helsing

Bente Høyland
Møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Terje Natland

Mottakarar:

Torbjørn Mehl 5470 ROSENDAL

Edle Tveito Bjørkesvegen 42 5470 ROSENDAL

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe**Saksbehandlar**

2013/2422-2

Terje Natland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2014/68	Forvaltningskomiteen	07.05.2014

Behandling søknad om konsesjon - 82/15 - Rosendal - Edle Tveito

Innstilling frå rådmannen:

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad gir Edle Tveito konsesjon på gnr bnr 82/15 som omsøkt. Eigedomen skal nyttast som tilleggsareal til gnr bnr 82/16. Det vert sett som vilkår for konsesjon at kjøpar tek del i fellestiltak i utmark. Overføring av heimel kan ikkje skje før deling av eigedomen gnr bnr 82/15 er gjennomført.

Behandling i Forvaltningskomiteen den 07.05.2014

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 07.05.2014

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad gir Edle Tveito konsesjon på gnr bnr 82/15 som omsøkt. Eigedomen skal nyttast som tilleggsareal til gnr bnr 82/16. Det vert sett som vilkår for konsesjon at kjøpar tek del i fellestiltak i utmark. Overføring av heimel kan ikkje skje før deling av eigedomen gnr bnr 82/15 er gjennomført.

Kjøpar: Edle Tveito, 5470 Rosendal

Selgar: Torbjørn Mehl, 5470 Rosendal

Saksutgreiing:

Edle Tveito har gjort avtale om kjøp av gnr bnr 82/15 av Torbjørn Mehl. I sak 13/153 den 6.november 2013 gjorde Forvaltningskomiteen vedtak om å gje løyve til å dele frå tunet med to hus på bruket. Dette vart klaga til Fylkesmannen av nabo. Fylkesmannen tok ikkje klagen til følgje, men oppretthaldt vedtaket frå Forvaltningskomiteen. Vedtaket frå Fylkesmannen er endeleg og kan ikkje påklagast.


Søknad om konsesjon på restarealet av gnr bnr 82/15, jord og skog, kom inn til kommunen hausten 2013, men på grunn av klagesaka har den blitt lagd til side til delingsaka var avgjort. Søknad om konsesjon kan no behandlast.

Edle Tveito eig og driv gnr bnr 82/16, der det vert drive med mjølkeproduksjon på geit, amme ku og med sau.

Bruka ligg naturleg inntil kvarandre.

Pris på garden, utan hus og bygningar er avtalt til kr 800.000.- I dette ligger 410 dekar, der 24 dekar er fulldyrka, 56 dekar beite og 330 dekar er skog og utmark.

Gnr bnr 82/15 betar av tre teiger, ein med dyrka mark og beite og to teigar inne i Skåladalen.



Vedlegg:

